



Margrethe og Stian Sivertsen
Galtenesvegen 118
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/579 - 14/2028

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
17.02.2014

Klage på ferdigattest - bustad på gnr 23 bnr 221.

Administrasjonen viser til klage dagsett 27.12.2013 over ferdigattest for bustad med adresse Galtenesveien 118.

Ved gjennomgang av saka ser administrasjonen det som naudsynt å be om ei klargjering av innhaldet i klagen.

Klagen gjeld vedtak om å utstede ferdigattest for byggjetiltak i medhald av plan- og bygningslova § 21-10, første ledd. Eit slikt vedtak er eit enkelvedtak etter forvaltingslova som kan påklagast. Administrasjonen presiserer at det ikkje er sett vilkår for den ferdigattest som kommunen har utstedt. Administrasjonen oppfattar klagen slik at ein heller ikkje ønskjer at ferdigattesten skal opphevast, men at kommunen har plikt til å gje avkall på krav om opphør av utleigeverksemd eller innsending av endringssøknad.

Administrasjonen oppfattar at realiteten i det som vert gjort gjeldande i klagen er at dagens bruk av bustaden ikkje er i strid med byggjeløyvet når ein tek omsyn til godkjend utforming og historikken i saka, og at kommunen difor ikkje har grunnlag for å sette i verk ulovlegheitsoppfølging i medhald av plan- og bygningslova (pbl) kap 32. Dersom dette ikkje er riktig oppfatning av innhaldet i klagen, ber administrasjonen om ei tilbakemelding på det.

Dersom de som klagarar er samd i at klagen skal oppfattast som presisert ovanfor, inneber dette at ferdigattesten for bustaden vert oppretthalde, og at saka som klagesak vert stansa. Vidare vil administrasjonen opprette separat til vurdering av om det er grunnlag for å oppretthalde kravet om stans av utleige eller innsending av endringssøknad. Klagen og innhaldet i denne vil følgje den nye saka. Ei slik sak vil følgje dei sakshandsamingsregeler som gjeld for saker som gjeld ulovlegheitsoppfølging, jf pbl kap 23.

Dersom tilbakemeldinga frå dykk er at klagen over ferdigattesten vert oppretthalde, vil administrasjonen fortsette klagehandsaminga med sikte på å avgjere om innhaldet i klagen gjer grunn til å endre vedtak om å gje ferdigattest.

Administrasjonen ber om tilbakemelding innan 3.3.2014. Dersom tilbakemelding ikkje vert gitt, vil klaga verte handsama politisk i neste møte i Utval for drift og utvikling.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
konsulent byggjesak

Mottakere:

Margrethe og Stian Sivertsen

Galtenesvegen
118

5918

FREKHAUG